



## **Innspel til Planprogram Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035**

Nordhordland Turlag har ca 2000 medlemmer. Turlaget er den største friluftslivsorganisasjonen i Nordhordland og er lokallag under Bergen og Hordaland Turlag (BHT) og er en del av forbundet Den Norske Turistforening.

### **Folkehelse**

Landets største folkehelseutfordring er økende sosiale forskjeller mellom inaktive og aktive. Kombinasjonen fysisk aktivitet og naturopplevelser har dokumentert effekt på helse og livskvalitet. Friluftsliv skaper god folkehelse i lokalmiljøet. Nordhordland Turlag mener derfor at Alver kommune må tilrettelegge for gode nærturopplevelser. Enkelt og nært friluftsliv gir fornøyde innbyggere. Vi mener at kommunen bør;

1. Sats på friluftsliv i kommunens skoler og barnehager hvor naturen blir en viktig arena for aktivitet.
2. Ta vare på trivsel og stillhet i naturen
3. Lag turstier ut fra alle folkerike buområder i kommunen
4. Skap mye aktivitet ved dei flotte dagsturhyttene i kommunen

### **Kart og skilting**

Det har tidlegare vorte utarbeidd kart for kvar av kommunane, men nokre år sidan førre utgåver. Turlaget meiner at når vi vart til ein kommune, bør eit nytt turkart for Alver verte laga. Eit anna viktig tiltak bør vera å skilta betre kor turløypene startar. Å finna startpunktet for turane er ofte det vanskelegaste med heile turen! Vi håpar at det kan gjerast eit arbeid i heile kommunen med å kartlegga viktige og kanskje lite synlege startpunkt.

### **Parkering**

Det viser seg mange stader at det er vanskeleg å få parkert bilar ved dei mest populære startpunktet for turane. Forutan god tilgjengeleghet til der fotturen byrjar, så har dette også verknad for trafikktryggleik, samt å redusera eventuelle konfliktar med grunneigarar. Vi håpar kommunen i sine planar kan regulera områder for god og trygg parkering, samt opparbeida slike plasser. Kvar kommune må sjå nærmere på kor behovet er, men slik Turlaget ser det er desse plassane aktuelle for nye og betre løysingar;

- Stussdalen. Staden er utgangspunkt for den lettaste tilkomsten til Turlagshytta i Kalvedalen. Det er ønskeleg at Stussdalen i større grad kan nyttast som ferdselveg inn til Kavedalshytta.
- Sør for Vågseidet ved stistart til Skausnøya. Stien herfrå er ein av dei mest populære i Alver. I dag vert det parkert på to busslommer som gjev mykje kryssing av R 57. Parkering gjev også ulempar for grunneigarar.
- Totlandsfjellet ved Eikanger/Ostereidet ved E39. Mye bruk startpunkt, lite parkeringsplassar
- Ved stistart Gaustadfjellet

## **Lindåsslusane**

Turlaget vil sterkt oppmoda om at det fantastiske området ved Lindåsslusene vert tilgjengeleggjort for ålmenn ferdsel.

Slusene er eit særleg attraktivt område for fritidsaktivitetar både til fots og til vanns. Først og fremt burde ålmenta få tilgang til dette området på privat veg til slusene, samt tilrettelagt parkeringsplass nær slusene. Derfrå merka tursti til sluseområdet. Tett ved slusene burde det også vore mogelegheit for å setje ut kajakkar. Truleg vil Bergen og Omland Friluftsråd kunne vore ein samarbeidspart. Etter Turlagets mening bør det nedsetjast ei eiga arbeidsgruppe som deltek i eit slik utviklingsprosjekt.

## **Tilgang til sjø**

Kajakk har vorte særslig populært dei siste åra. Kommunane burde truleg vald ut og tilrettelagt minst fem stader i nye Alver kor det er særleg eigna med parkering og utsetjing av kajakkar. Og marknadsført tilbodet og desse stadane godt. Aktuelle slike plassar burde vore nemnde Lindåsslusene, ved molo på Toskavegen, Alverstraumen, Io, Eikanger- og/eller Hjelmåsbassenget, Feste og/eller Lygra, Little Bergen/Flatøy, Risasjøen og ein stad nord på Radøy. I tillegg vil vi særleg nemna eit privat initiativ på Kvalvågnes som var særdeles god tilrettelegging men som etter kva vi kjenner til nå ikkje kan nyttast.

## **Stolar og husmannsplassar**

Kommunen har, særleg i indre områder, mange flotte stolar og husmannsplassar. Fleire av dei ligg i eit «høgfjellandskap» som mange i og utanfor kommunen ikkje kjenner til. Vi oppmodar kommunen til å synleggjera desse og tilretteleggje for at fleire får opp auga for desse natur- og kulturperlene.

## **Naturvern**

Fleire område i kommunen er truga av utbygging og skadelege naturinngrep. Vi tenkjer først og fremst på vindkraftutbygging. Vi oppfordrar framleis kommunen til å hindre slik utbygging i våre fjellområde.

Kommunen må også vere varsam med bustadbygging som forriger områder som har høg rekreasjonsverdi. Vi tenkjer først og frem på sentrale strøk som Knarvik, Flatøy, Frekhaug og Alversund. Det må minimum etablerast gode korridorar ut frå slike områder til lett tilgjengeleg urørt natur.

Dette er nokre innspel frå Nordhordland Turlag. Turlaget er også open for vidare dialog omkring desse innspela.

Lukke til med det viktige arbeidet med god tilrettelegging for eit mangfald av friluftsliv i Alver kommune!

Venleg helsing

Børge Brundtland  
Styreleiar  
Nordhordland Turlag  
Tlf. 41163908